


Oppstart av nye båtruter i Florabassenget

Møte mellom Kinn kommune, Norled, Florø Skyssbåt og Skyss – 19.04.2024



Agenda

- Kort om kontraktane
- Kundeinformasjon frå Skyss
- Resultat frå fartsprøver
- Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget
- Svar på spørsmål om frå næringsdrivande på Silda
- Svar på spørsmål frå kommuneadministrasjonen
- Frå Batalden landhandel
- Innspel om korresponderande buss
- Innspel om verdikort for kommunen



Kort om kontraktane

Det er oppstart av to båtkontraktar 1. mai; rutepakke 2 - lokale båtruter i Sogn og Fjordane og Kystvegekspressen. Det var Norled som vann anbodskonkurransen for begge kontraktar.

Rutepakke 2

- Oppstart 1. mai 2024 og med varigheit til 30.04.2036, med opsjon inntil 2 år.
- Kontrakten omfattar båtrutene i Florabassenget, samt rutene mellom Måløy-Silda og Måløy-Gangsøy-Risøy. I tillegg er det ei bilførande rute i Sognefjorden (Nordeide-Måren-Ortnevik-Vik) og ei bilferje mellom Kaupanger og Frønningen.

Kystvegekspressen

- Oppstart 1. mai 2024 og med varigheit til 30.04.2025, med opsjon på inntil 4 år.
- Kontrakten består av eitt samband: Selje-Måløy-Florø.

Kundeinformasjon frå Skyss

Skyss har no publisert kundeinformasjon på Skyss.no. Sjå lenke [her](#).

På Skyss.no finn ein mellom anna informasjon om:

- Hovudendringar
- Rutetilbodet
- Billettar
- Bestilling av plass til køyretøy
- Avviksinformasjon



Resultat frå fartsprøver

Norled svarar ut i møtet.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Blir det mulighet for i det nye anbudet og få ekstraruter knytta til jul og påske om båten ikkje har plass til alle på dei mest pressa avgangane? (nye båter tar 70pax mot 81pax på Fjordglytt som går i dag)»*
 - I kontrakten pkt. 2.5.5. (Ekstrakøyring og suppleringssturar): Oppdragsgjevar kan krevje at Operatør skal gjennomføre ekstra Turar dersom det er gjenstående passasjerar og/eller køyretøy.
 - Norled og Skyss vil ha ein dialog om dette i fortsetjinga.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Vil Dagning trafikkere i Veiesundet eller er båten for stor? I innkjøringsperioden bruker man mindre båt til anløp Veiesund, mens Dagning tar Askrova og Svanøy. Hvis det blir permanent med egen båt i Veiesund, lurer vi på hvordan de skal løse reiser mellom Veiesund og Askrova/Svanøy?»*
 - Florabassenget vil bli trafikkert av tre like båtar; MS Frey, MS Trym og MS Dagning.
 - MS Frey og MS Trym vert operert av Norled, mens MS Dagning vert operert av Florø Skyssbåt på vegne av Norled.
 - Det er meninga å trafikkere Veiesund frå 1. mai med hovudbåt MS Frey/MS Trym.
 - Grunnen til at MS Dagning ikkje har gått dit, er at ein tidsmessig må rekkje tilbake for å lade, samt halde ruta.
 - MS Dagning er ennå ikkje modifisert med flaps, slik som dei to andre båtane er.



Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- «Kva er vind begrensninger båtane "tåler" før dei ikkje går? (Mannskap sier at det blir kanselleringar ved mindre vind enn det som er «praksis» i dag...). Oppfølgingen blir da; hvordan Skyss har tenkt å få skolebarn og arbeidspendlere til skole/arbeid og hjem på disse dagene?»

Skyss:

- Operatør skal utføre Oppdraget i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande Rutetabellane under alle normale og påreknelege vêrtilhøve.
- Dersom ein Tur vert innstilt, avbroten eller forseinka slik at fartøyet ikkje rekk korresponderande transportmiddel undervegs på turen, er Operatør ansvarleg for at passasjerane som er om bord får tilbod om alternativ transport. Med alternativ transport meinast til dømes transport med buss eller drosje til den kai/haldeplass som passasjerane var meint å reise til med det korresponderande transportmiddelet. For reisande som ikkje har kome om bord i fartøyet stiller ikkje oppdragsgjevar krav om at alternativ transport iverksetjast. Operatør skal bera kostnadene og har det økonomiske ansvaret for den alternative transporten.
- Skyss forventar ikkje særlege endringar i regularitet, men vil følgje med på dette.

Norled:

- Vind kan vi ikkje setje noko eksakt tal på, da dette avhenger av retning og plassering av kai. Det er kapteinen som avgjer dette. Men mtp på storleiken på fartøya må man rekne med oftare kanselleringar.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Bilbestilling; Løsning med ringing på dagtid er uholdbar. Fjord1 sitt system i dag fungerer, men er lang fra optimalt. App bør på plass raskt, samt at man betaler for plassen når man bestiller (unngå at folk tinger mange bilplasser og ikke avbestiller)»*

Norled svarar ut munnleg i møtet.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Kan bedriftene sende/ta i mot last som i dag på alle ruter eller blir det kun på lasteruta? (mannskapet seier at pga dei skal holde ruta, båten går seinere blir det kun mulig og ta gods på lasteruta)»*

Skyss (viser til pkt 2.8 i kontrakten):

- *«Operatør skal så langt det lar seg gjere, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande Rutetabellane, utføre transport av gods og pakkar for privatpersonar, bedrifter etc. Operatør må sjølv inngå fraktavtalar med kundar. Operatør må sjølv ta ansvar for og dekke alle kostnader i samband med godstransporten slik som t.d. utstyr, lager, ekspedering, innlevering og utlevering. Operatør fakturerer kundane direkte for godstransporten og skal nytte Oppdragsgjevar sitt takstregulativ for gods, jf. Punkt 2.9.1 og Vedlegg 2B. Inntekter frå frakt av gods tilfall Operatør».*
- *Operatør må pårekna ein god del frakt av gods på einskilde ruter. Døme på gods som vert transportert i desse rutene er daglegvarer, trelast, byggjeverar, dyr, gravemaskiner, ukurant gods og farleg gods. Køyretøy utan førar vert kategorisert som gods, samt ikkje-registrerte køyretøy som gravemaskin/anleggsmaskin.*
- *Operatør kan tilby ekstraturar for frakt av gods i samsvar med punkt 2.4. Operatør bærer alle kostnader knytt til slike ekstraturar og kan sjølv fastsette gjeldande takstar for slike priser.»*

Norled:

- Ein kan ta med last på ruta, men store mengder stykkgoods o.l. vil føre til forseinkingar.



Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Kan Daging ta betongbiler, store gravemaskiner, dyretransport osv som Fjordglytt i dag ikke kan ta? Kva er tillat dekkslast?»*
- Svar kjem i møtet.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Ferjekaiene vs båtmateriell: Ferjekaier og båtmateriell harmonerer dårlig ved lavvann/høyvann. Dette ble spilt inn før båtene ble bestilt/bygget, men virker ikke som er ivaretatt. Hva er planen her?»*
 - Kontrakten 3.1.7 Fartøy og kai: *«Det er Operatør sitt ansvar at bilførande fartøy passar til ferjekaibruene. Eventuelle behov for endringar på ferjekaibru, låseanordning eller tilsvarande er operatørs ansvar og risiko. Fartøya si dekkshøgde skal vere slik at alle normale køyretøy utan spesielt låg klaring under karosseri kan køyre i land og om bord ved alle tidevassforhold mellom høgaste astronomiske tidevatn og lågaste astronomiske tidevatn, utan at køyretøy tar nedi eller får skadar. Ved forventning om tidevassforhold der fartøy ikkje vil kunne ta om bord køyretøy skal oppdragsgjevar varslast.»*
 - Norled svarar ut meir rundt dette i møtet.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- «*Innsegling til Færøy kai. De har her vært en større utdyping av havna, men innløpet til havna er ikkje utbedret og dette fører til at Dagning nå kansellerer anløpene på fjære sjø dvs. 50cm over sjøkartnull. Hva er planen rundt dette?»*
- Generelt om djupgang, kontrakten pkt. 3.1.7 i kontrakten: «*Operatør må sikra seg at fartøy kan trafikkere rutene ved maksimal djupgang for alle tidevasstiltandar.*»
- Dagens operatør, Fjord1 har meldt til Skyss at dei normalt i løpet av eit år har innstilt å anløpe Færøykalven 2-3 gongar grunna lågt tidevatn. Dei har også ved fleire høve råka botn med propellane. Slike høve kan i verste fall føra til at båten mistar styringa. Skyss ønskjer ikkje fleire slike tilfelle.
- Norled har fått skutt ut ei grunne i Færøykalven, slik at innseglinga er djupare.
- Skyss aksepterer inntil fem kansellerte anløp av Færøy per år som følge av fjære sjø. Innstillinger utover dette som følge av fjære sjø vil bli sanksjonert.
- Norled svarar ut meir rundt dette i møtet.

Svar på spørsmål frå grendelaga i Florabassenget

- *«Ønske om bekreftelse på at dobbel tinging begge vegar for øyane Færøya, Ånnøya og Søre Nekkøy på ettermiddag. Det går rykte om at dette ikkje er på plass i ny ruteplan.»*
 - Norled og Skyss orienterer om denne i møtet.

Svar på spørsmål om frå næringsdrivande på Silda

- *«Kor stor blir lastekapasiteten på den nye båten? Usikkerheit rundt plass til pallar og bossdunkar.»*
 - MS Sea Service kan ta maks 1 tonn med dekkslast
 - Det er 4 kvadratmeter lastedekk.
 - Kranen løfter omlag 1 tonn (avhengig av utstrakt lengde på løftearm).
- *«Det går rykte om at det skal setjast inn ein mindre båt om vinteren. Dette skaper usikkerheit.»*
 - Det er fartøyet «MS Sea Service» som vil gå i ruta heile året

Svar på spørsmål frå kommuneadministrasjonen

- *«Det er eit tilbakevendende problem å få plass til kjøretøy som utfører kommunale oppdrag. Her har NoMil vert tydelig tidligare. Vi er i drøftingar med Norva24 for å effektivisere tømminger av septikk i øyane, og få ned kostnadane med dette. I denne forbindelse er det avgjerande med forutsigbarhet i bestilling av plass.»*
 - Det er i høve kontrakten mellom Norled og Skyss høve til å reservere fast plass på turar for kommunens renovasjonsbil.
 - Det er oppretta kontakt mellom Norled og NoMil.

Frå Batalden landhandel

- *«Det har vært mye omrokkeringer av rutebåtene etter at elektrisk båt ble satt i rute. Dette har ført til at Batalden Landhandel har fått levert mat, inkl. kjøle- og frysevarer, om ettermiddagen i stedet for om morgenen. Der omrokkering er planlagt på forhånd har K. Jansen (skipsekspedisjon) i Florø tatt hand om kjøle- og frysevarer. Dersom driftsendringer oppstår mer akutt er det ingen som tar hand om varene kl. 06:40 om morgenen. Det er viktig at Skyss etablerer rutiner for dette i samråd med butikkene og K. Jansen. Hindre matsvinn, manglende produkter i butikkhyllene og mulig erstatningsansvar.»*
- Norled svarer ut i møtet.

Innspel om korresponderande buss

«Forsikre seg om at nye bussruter blir tilpassa når kystvegekspressen får ny rute frå Florø kl 06.37 til Måløy om morgonen. Eit konkret innspel meiner at i Bremanger er ikkje dette på plass mellom Smørhamn og Kalvåg/Hauge/Grotle. Eg har ikkje sjekka om dette faktisk stemmer.

Også viktig at det går buss frå kaia i Måløy og til vidaregåande/fagskule på Tennebø. Dette er på plass når eg søker i reiseplanleggaren, men bussen går ikkje frå kaia, ein må opp i gate 2 til busstoppet Televerket. Må kanskje informerast om?»

- Skyss sjekkar ut internt for å sikre at dette er tatt omsyn til.

Innspel om verdikort for kommunen

- *«Kinn kommune har opprettet nettbutikk bedrift slik at ansatte kan kjøpe billetter via egen skyss app. Men på hurtigbåten finnes det pr nå ikke et alternativ for å handle på faktura. Er dette noe som det vil komme en løsning på? Om ikke;*
 1. *kan Kringom verdikort fortsatt brukes på hurtigbåten (Bergen – Selje)? Er dette tenkt faset ut? Evt. hvor lenge vil dette fortsette?*
 2. *Om kortet skal videreføres: er det mulig å ha en årlig påfyllingsrunde av disse kortene hos Norled? Kinn kommune sender inn en oversikt over hvor mange kort som skal fylles på med hvilken sum og totalbeløp faktureres Kinn kommune.*

Grunnen til at Kinn kommune ønsker en god løsning på dette da vi har mange ansatte som pendler flere ganger i uken.»
- Verdikort kan brukast fram til ut på hausten (tentativt oktober) når verdikort skal fasast ut. Kommunen må forholde seg til Norled på kjøp av enkelbilletter til ekspressbåten Bergen-Selje (nettokontrakt). Norled har eiga webside for bestilling og betaling, www.norled.no
- Båtbilletten blir tilgjengeleg i bedriftsløysinga til Skyss, slik at kommunen kan kjøpe billetter for sine tilsette der.

